

| | | |
|-------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------|
| Emne: | Den kulturelle spaserstokken – orientering til fylkeseldrerådet om søknader 2021 | |
| Til stades: | Harald Ekroll, fylkeseldrerådet Monrad Reigstad, fylkeseldrerådet Simen Lagesen Krogstie, fylkeskommunen, avdeling for kultur, idrett og inkludering Siri Ingvaldsen, fylkeskommunen, avdeling for kultur, idrett og inkludering | |
| Forfall: | Sak: 2021/5597 - 11 | |
| Møtetid: | 07.06.2021 | Møtestad:Teams |

Møteleiar: Simen Lagesen Krogstie

Simen L. Krogstie orienterte om innkomne søknader til DKSS for 2022. 42 av dei 43 kommunane i Vestland hadde søkt då fristen gjekk ut 1. juni.

Samla søknadssum 6 330 000 mot 6 538 000 i 2020.

Kvalitativt er det ei positiv utvikling i søknadene:

- Prosjekt som har som mål å nå ut til dei som er vanskelege å nå
- Samarbeid mellom kommunar
- Bevisstheit om helseeffekten av å delta i kultur
- Knyter DKSS til Kommune 3.0 og Leve heile livet-reforma.

Sjå elles vedlagde presentasjon.

Innspel frå fylkeseldrerådet:

- Når det gjeld kvalitetsomgrepet i DKSS, bør vi ha med oss at det finst mange lokale aktørar som er gode, både kunstnarleg og i formidling til eldre. Kvalitet er også å ha evne til å nå fram til målgruppa.
- Lokal tilhørsle viktig for gruppa eldre, for demente kan musikk, tekst, bilde og gjenstandar frå lokalmiljø stimulere til aktivitet.
- Fint om ein kan få til samarbeid mellom Den kulturelle skulesekken og DKSS
- Viktig å samarbeide med frivillig sektor
- Kven som tek ansvar i kommunane er ikkje avgjerande, det som er viktig er at nokon gjer det. Samarbeid er sentralt for å få gode prosjekt.
- Viktig å få på plass betre transportordningar til aktivitetar og arrangement
- Ynskjer å få til ein ressursbank der kommunane kan formidle til kvarandre kva dei gjer på dette området, få fram nyskapande tiltak, gode idear
- Midlane til DKSS er for avgrensa i forhold til behovet, jf. eit aukande tal eldre og demente i befolkninga. Fylkeseldrerådet vil arbeide for at midlane vert auka.
- Fylkeseldrerådet tek sikte på å vedta ein uttale til saka om tildeling av DKSS-midlane skal handsamast i Hovudutval for kultur, idrett og inkludering i september.

Møtet slutt.

Vedlegg

- 1 DKSS 2021 presentasjon fylkeseldrerådet
07.06.2021